

Delavtale tilvising-innlegging Utskriving av pasient

Inghild Espeland Mowatt
Seksjonsleiar
Medisinsk sengepost 2,FSS

Bakgrunn

- Avtalen er heimla i helse- og omsorgstenestelova § 6-1 og § 6-2, pkt 3 og 5:
- «*Retningslinjer for samarbeid om utskrivningsklare pasienter som antas å ha behov for kommunale tjenester etter utskrivning fra institusjon.*»


Formål

- Denne delavtalen har som føremål å bidra til at pasientar får helsetenester på rett nivå, gi kontinuitet og tryggleik i behandlingsforløpet og sikre ein informasjonsflyt mellom nivåa som gir gode og samordna tenester.

Innhald i delavtalen

- Føresegne i pkt 11 – 15 i avtalen gjeld pasientar som vert vurdert å ha behov for kommunale tenester etter utskriving.

Elektroniske meldingar



Logistikk meldingar

- Registrering av PLO kommune
- Melding om innlagt pasient
- Melding om utskriving av pasient
- Utskrivingsklar/avmelding

Fagmeldingar

- Innleggingsrapport
- Tidlegmelding
- Dialogmelding
- Helseopplysning
- Utskrivingsrapport

Avvik

6. innleggingsrapport

- Innleggingsrapporten skal m.a. innehalde ei tekstleg vurdering av pasienten sine funksjonar basert på ei funksjonsregistrering (i dag IPLOS)
- Innleggingsrapporten skal også innehalde korrekt medisinliste som er samordna med fastlegen si medisinliste.

12.4 Søknad om kommunale helse- og omsorgstenester

- Dersom pasienten ønskjer eller vert vurdert å ha behov for tenester frå den kommunale helse- og omsorgstenesta etter utskriving, skal helseføretaket bistå pasienten i høve ein søknad om kommunale helse- og omsorgstenester til kommunen. **Søknad vert sendt elektronisk ved å nytte skjemaet «helseopplysningar».** I informasjonsrubrikken vert det presisert at **søknad er sendt på vegner av pasienten.** Søknaden skal innehalde ei funksjonsvurdering.

13. Overføring av utskrivingsklar pasient frå sjukehus til kommunen

Sjukehuset kan overføre den utskrivingsklare pasienten til kommunen, når kommunen har opplyst at eit kommunalt helse- og omsorgstenestetilbod er klart. **Utskrivingar bør** frå begge partar si side om mogeleg førebuast dagen før avreise, og avreisetidspunktet bør vere før kl 15.

Sjukehuset vil søke å gjennomføre ei overføring av dei pasientane som har behov for omfattande kommunale tenester tidleg på avreisedagen.

13.1 Informasjonsutveksling ved overføring til kommunal helse- og omsorgsteneste

Ved utskriving frå sjukehuset skal epikrise eller tilsvarande informasjon sendast elektronisk ved utreise til det helsepersonell som treng opplysningane for å kunne gje forsvarleg oppfølging.

Sjukehuset skal rutinemessig opplyse pasienten (evt. pårørande) om at han/ho også kan få epikrisen. Det skal alltid sendast med oppdatert medikament-liste. Pasienten bør gjerast kjent med kven opplysningane skal sendast til. **Dersom ikkje anna kjem fram, skal epikrise eller tilsvarande informasjon med oppdatert medikament-liste sendast til fastlege, tilvisande lege og pleie- og omsorgstenestene i kommunen**

- I epikrisen bør det vere informasjon om ansvarleg lege ved sjukehuset, informasjon om oppfølging i kommunen slik at pasienten blir informert om dette og høve til å ta kontakt ved behov i samband med vidare oppfølging.
- For pasientar som skriv seg ut sjølv, vil utskrivingsrapport bli sendt snarast råd og seinast dagen etter.

13.3 Tekniske hjelpemiddel, behandlingshjelpemiddel og medisinsk-teknisk utstyr

Tekniske hjelpemiddel: Sjukehuset bør vurdere pasienten sitt behov for tekniske hjelpemiddel.

Den behandlingsansvarlege eininga ved sjukehuset har ansvar for å formidle behov om tekniske hjelpemiddel til kommunen. Når det under innlegging i spesialisthelsetenesta vert oppdaga **nye** behov for varige utlån av tekniske hjelpemiddel, **skal** sjukehuset sette i gong prosessen ved å søke om aktuelle hjelpemiddel til NAV Hjelpemiddelsentral Sogn og Fjordane, i samråd med pasient og evt. pårørende.

14. Evaluering/erfaringskonferansar

Partane er samde om behovet for eit system for felles oppfølging og evaluering av avtalen og samhandlinga om utskriving av pasientar, herunder vurdering av når pasientar er utskrivingsklare og kva tenester kommunane kan forventast å yte.

